



**MESTERHUS**

*- det blir som avtalt*  
**Q-1**

**Lindås Kommune**

Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Hjelmås, 18/03-16

**Følgebrev søknad om fasade endring gbnr 244/5**

**Tiltaket**

Det vert søkt etter PBL §20-4 utan ansvarleg føretak. Tiltakshavar har ynskt at me skal bistå med innsending av søknaden.

Tiltaket endrar ingen av tilhøva på eigedomen og det er kun snakk om fasadeendring på fasaden mot sør-aust. Punkt om avstand, vann forsyning og avløp i blanketten er ikkje fylt ut då det ikkje er relevant for denne saka slik vi ser det.

Tiltaket består i å erstatta 2 vindauge med 4 nye, samt trekkje terrassedøra ut slik at heile veggen vert jamn. Sjå vedlagte teikningar samt e-post korrespondanse mellom tiltakshavar og Byggesak for meir info om tiltaket.

**Nabotilhøve**

Det er *ikkje* foretatt nabovarsling. Dette er vurdert etter reglane i PBL §21-3, 2.ledd. All den tid det er fasaden mot sør-aust, som er mot sjø, er det ingen berørte naboar. Det er vedlagt eit kart som viser eigedommen. Tiltaket elles medfører ingen endring i bruk, og berører difor ikkje naboar på nokon anna måte heller.

**Dispensasjon**

Det er gitt svar i form av e-post frå Byggesak på at det for fasadeendringa ikkje treng søkjast dispensasjon. Sjå vedlegg.

Med vennleg helsing

**for Martin Halland**

Lars Alvær Hagesæter  
Dagleg leiar  
E-post: lars@kalasbygg.no

**Kålås & Sonn as**  
BYGGEVAREHANDEL